



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anniken Friis, 5557 2313

Merknad til søknad om å rive dam Trollkjellen - Vaksdal

Fylkesmannen har vurdert søknaden om å fjerne dam Trollkjellen ut frå omsyn til vesentlege regionale og nasjonale interesser, og har ingen merknader.

Fylkesmannen viser til søknad om å rive dam Trollkjellen i Vaksdal, jf. vassressurslova § 41. Dammen er bygd rundt 1880, og er i dårleg stand. Då den ikkje lenger har funksjon knytt til kraftproduksjon, ønsker eigar å frigjere seg frå ansvar og kostnader.

Fylkesmannen rådde frå konsesjonsfritak for tiltaket, for å sikre at verknader for flaum i området vert utgreidd på tilfredsstillande måte.

Søklar sin vurdering av konsekvensar

Vurdering av auka fare for flaum

Vedlegg 3 til søknaden gjeld vurdering av fare for flaum i området dersom dammen vert fjerna. I konsulentrapporten står det:

Ved nedlegging og fjerning av Dam Trollkjellen vil en måtte forvente følgende vedrørende flomfare og transport av sedimenter videre nedover i vassdraget.

Flomfare

Det vil bli ingen endringer av flomvolumet nedstrøms nedlagt Dam Trollkjellen. I dag er det ingen dempning i magasinet da innløpsflommen er lik utløpsflommen.

Flomstigningen i tidligere magasin Trollkjellen vil bli større da overløpslengden blir mindre dersom Dam Trollkjellen fjernes. Ny flomvannstand vil allikevel bli vesentlig lavere enn dagens flomvannstand.

Transport av sedimenter

I en flomsituasjon vil vannhastigheten over «terskel» Trollkjellen ved tusenårsflom øke fra ca. 3,0 til 3,3 m/sek. Noe større hastighet vil gi noe økt transport av løsmasser. Det vil fortsatt være en elvestrekning med lite fall og et vannspeil oppstrøms "terskel" Trollkjellen, hvor mesteparten av massetransporten i elva vil deponeres.



Under jernbanebrua er vannhastigheten større enn over overløpet på "terskel" Trollkjelen. Løsmasser som transporteres over terskelen, vil dermed bli med videre.

I kulvert under Vaksdal Mølle er vannhastigheten lavere enn over "terskel" Trollkjelen, slik at masser som blir med over Trollkjelen kan deponeres i kulverten. Det vil være behov for å følge med utviklingen av løsmasseavsetninger i kulverten. Lengdeprofil av dagens situasjon gir også antydning om at det også i dag er avsetninger av løsmasser i kulverten.

Konsekvensar for akvatisk miljø, friluftsliv og landskap

Konsekvensane er vurderte som dels ubetydeleg, dels noko forbetring. Det er likevel eit moment at lokalmiljøet ser på dammen som eit landskapselement som mange ønskjer å ta vare på.

Merknader frå Fylkesmannen

Fylkesmannen viser til rapporten knytt til auka fare for flaum med å fjerne dammen. Vi legg denne til grunn for vår vurdering, og har ingen fleire merknader.

Ut frå omsyn til naturmangfald i elva vil det truleg vere ein fordel dammen vert fjerna, då vassdraget får flyte fritt. Det kan likevel vere relevant å vektlegge lokale vurderingar knytt til opplevingsverdi og landskap.

Dersom tiltaket får konsesjon, må tiltakshavar avklare spørsmålet om eventuell deponering av massar etter plan- og bygningslova. Eventuell deponering av betong må avklarast med Miljødirektoratet.

Konklusjon

Fylkesmannen har vurdert søknaden ut frå sine ansvarsområde, og har ingen merknader til planar om å fjerne dam Trollkjellen.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
VAKSDAL KOMMUNE	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM